

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

## Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune  
Møtedato: 05.03.2014  
Møtetid: 09.00  
Stad: Førde helsetun (får tildelt møterom når vi kjem der)  
Møtenr.: 2/2014

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen i sak 10/14

Melding til: Ordfører(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlem  
(Varamedlem møter berre etter nærmare innkalling).


Dersom du ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no) eller tlf. 57612785 / mobil 97170064.

### SAKLISTE

Sak 08/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.  
Sak 09/14 Skriv og meldingar.  
Sak 10/14 Orientering om Førde helsetun.  
Sak 11/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Førde.  
Sak 12/14 Kor tilgjengeleg er kontrollutvalet.  
Sak 13/14 Oppfølgingsliste 2-2014 Førde.  
Sak 14/14 Eventuelt.

Førde, 26.02.2014.

Anne Lise Bekjorden(s)  
(Leiar)

  
Audhild Ragni Vie Alme  
rådgjevar  
SEKOM-sekretariat

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 Førde	Hafstadvegen 42	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	97170064 arva 57612785arva	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 08/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 26.02.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Førde	05.03.2014	08/14	Ja

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

## 09/14 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 26.02.2014.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Vedtaks-organ</b>
Kontrollutvalet i Førde	05.03.2014	09/14	Ja

### **Saksvedlegg**

- SM 04-14: Brev datert 20.1.2014 frå KRYSS-revisjon til Førde kommune: Uttale frå leiinga – Førde kommune sin rekneskap 2013.
- SM 05-14: Rapport for året 2013, datert 20.1.2014, Skatteoppkrevjaren i Førde kommune.
- SM 06-14: Brev datert 14.2.2014 frå Skatteetaten til bystyret i Førde kommune: Kontrollrapport 2013 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Førde kommune.
- SM 07-14: Svarbrev datert 31.01.2014 frå Førde kommune til KRYSS-revisjon: Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, m.v.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**  
Skriv og meldingar vert teke til vitande.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skriv.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Førde kommune  
v/rådmannen

6800 Førde

kopi: ordfører  
kontrollutval  
leiar rekneskap/skatt

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
\\årsavslutning2013

Arkivkode:  
216

Journalnr.:  
001 / 2014

Dokumentdato:  
20. januar 2014

## UTTALE FRÅ LEIINGA - FØRDE KOMMUNE SIN REKNESKAP FOR 2013

Revisjon etter kommunelova sine bestemmelsar skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk, jf. koml.§ 78 med tilhøyrande forskrift. Revisjon etter god kommunal revisjonsskikk skal følgje internasjonale revisjonsstandardar (ISA-er), fastsatt av International Auditing and Assurance Standards Board (IAASB).

Vi viser og til bestemmelsen i kommunelova § 23, som tydeleggjer administrasjonssjefen sitt ansvar for å føre kontroll med kommunen si verksemd. I tråd med allment aksepterte leiingsprinsipp vil ein leiar av ei verksemd måtte etablere rutinar og system for å sikre at verksemda når dei mål som er satt, samt ei forsvarleg formueforvaltning. Revisor skal som kjent skriftleg påpeike feil og manglar ved organisering av den økonomiske internkontrollen i kommunen.

Det følgjer av ISA 580 – *Skriftlege uttalelser*, at revisor må innhente føremålstenlege uttaler frå leiinga. Det må innhentast skriftlege uttaler om at leiinga meiner å ha oppfylt sitt ansvar for utarbeidinga av rekneskaper og for fullstendigheita av informasjonen som er lagt fram for revisor, samt for å underbygge anna revisjonsbevis. Vidare følgjer det av ISA 240 – *Revisors oppgåver med og plikt til å vurdere misleghald ved revisjon av rekneskaper*, at revisor må innhente skriftlege uttaler frå leiinga om sentrale spørsmål og vurderingar i forhold til misleghald. ( Sjå og vårt brev datert 13.01.2014) Etter ISA 560 – *Hendingar etter balansedagen*, har revisor og plikt til å vurdere hendingar etter utløpet av rekneskapsåret.

Dette er bakgrunnen til at vi har funne det riktig å be om ei særskilt skriftleg uttale frå kommunen si ansvarlege administrative leiing om at dei meiner å ha oppfylt sitt ansvar for utarbeiding av rekneskaper og at den, så langt leiinga kjenner til, inneheld dei opplysningar som vert krevd etter lov og god kommunal rekneskapskikk. Vedlagt følgjer eksempel på ei slik erklæring vedkomande rekneskaper for 2013. Saman med ei oppsummering av eventuelle feil i rekneskaper som revisor har påvist og som seinare ikkje er retta, meiner revisjonen at uttalen vil vere dekkande.

Vi håpar og at kommunen si leiinga vil finne erklæringa hensiktsmessig. Med visning til punktet om hendingar etter utløpet av rekneskapsåret, er det naturleg at erklæringa dekker tidsrommet fram til og

---

### Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger  
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora  
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

### Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll  
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Kari Sygna, 57612789, mobil: 97981322  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

### Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund  
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

med 15. mars, då vi etter oppsett plan skal avgje vår revisjonsberetning. Vi tillet oss derfor å be om at uttalen frå leiinga i utfylt og underskriven stand blir sendt til oss innan nemnde dato.

I samband med rekneskapsavslutninga minner vi og om at dei grunnleggande samanhengane i rekneskapskapen må vere tilstades og at kretsløp og andre sentrale samanhengar og avstemmingar skal vere gjennomført. Alle avstemmingar skal vere dokumentert.

Revisjonen er kjend med at Førde kommune har tinga NKRF si regnskapsmappe, som inneheld mellom anna dei nødvendig avstemmingane, og oppmodar om at denne vert nytta i årsavslutninga for 2013. Ref. til Lov om bokføring (bokføringslova) § 11, skal det føreligge dokumentasjon for balansepostar.

Vi syner mellom anna til at det må føreligge dokumentasjon for at bokførte bundne fondsavsetningar stettar krava for å vere bundne fond. Slik vi kan sjå har Førde kommune per i dag bokført som bunde driftsfond (25199700) kr 33.791.377,52 og bundne investeringsfond (25599700) kr 24.587.082,53.

Vi registrerer at konto for ubrukte lånemidlar (29100001) per i dag er bokført med saldo på kr 218.056.163,-. Ubrukte lånemidlar som har stått over fleire år, bør gjennomgåast og vurderast i samband med nye låneopptak. Vi syner og til konto 29300001 med tekst «unytta lånemidlar – ikkje opptekne UTGÅR» med saldo på kr 323.691.224,48 med identisk motkonto 29999300. Vi stiller spørsmål ved kva verdi denne balansekontoen har.

Vi syner og til KRS nr. 4 som omhandlar skille mellom drift og investering.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmelding/årsrapporten for 2013 er 31. mars 2014.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskapskapen, som ein i samråd med revisor vel å retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato påførd (bør vere som tillegg til opprinneleg dato) og nye underskrifter.

Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet er forplikta til å skrive negativ revisjonsberetning den 15.04.14, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2013, og vonar administrasjonen legg opp rutinar som sikrar at økonomibestemmelsane og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2013.

Førde, 20. januar 2014  
Med helsing

Terje Førde  
Revisjonssjef  
(sign.)

  
Kari Håheim Sygna  
Kommunerevisor I  
**KRYSS REVISJON**  
KOMMUNEREVISJONEN I  
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

**Vedlegg:**

Eksempel på uttale frå leiinga/fullstendigheitserklæring til årsrekneskapskapen for 2013

**Vedlegg****Eksempel/mal for uttale frå leiinga / fullstendigheitserklæring til årsrekneskapen 2013**

Til  
KRYSS Revisjon

6800 Førde

**UTTALE FRÅ LEIINGA VEDKOMANDE ÅRSREKNESKAPEN TIL FØRDE  
KOMMUNE FOR 2013 – FULLSTENDIGHEITSERKLÆRING.**

Dette brevet vert sendt i samband med dykkar revisjon av rekneskapen til Førde kommune for året som vart avslutta 31. desember 2013, med det føremål å kunne konkludere om korvidt rekneskapen i det alt vesentlege gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Vi stadfestar etter beste evne og overtiding at:

***Rekneskap og budsjett***

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å syte for at kommunen sin rekneskap og økonomi forvaltning er gjenstand for betryggande kontroll, herunder slik intern kontroll som vi finn naudsynt for å muliggjere utarbeiding av ein rekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil. Vi har oppfylt vårt ansvar vedkomande utarbeiding av rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsberetning (for kommuner og fylkskommuner), og meiner at rekneskapen gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige forutsetningar som er nytta av oss ved utarbeidinga av rekneskapestimat, herunder rekneskapestimat målt til virkeleg verdi, er rimelege.
- Alle hendingar etter utløpet av rekneskapsåret som iflg god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert og omtalt.
- Vi meiner at verknaden av ikkje korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapsåret. Ei liste over ikkje korrigert feilinformasjon følgjer som vedlegg.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelsar for kommunen utover det som går fram av rekneskapen.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

*Opplysningar som er gjevne:*

- Vi har gjeve revisor:
  - Tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeidinga av rekneskapen
  - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsføremål, og
  - Ubegrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis frå.
- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultat av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følge av misleghald. (vi viser til eige brev)
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle kjende tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeidinga av rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærstående partar og alle forhold til nærstående partar og transaksjonar med desse som vi er kjende med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktelser, både aktuelle og latente, og har i note til årsrekneskapen gjeve opplysning om kommun sine garantiansvar.
- (( ta eventuelt inn andre aktuelle kulepunkt ved behov ))

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg

---

---

---


---

Stad, dato

(Administrasjonssjef/rådmann)

(Økonomiansvarleg/rekneskapssjef)





Rapport for året 2013

**Skatteoppkrevjaren i  
Førde kommune**

1.	Generelt om skatteoppkrevjaren sin verksemd.....	3
1.1.	Skatteoppkrevjarkontoret .....	3
1.1.1	Ressursar .....	3
1.1.2	Organisering.....	3
1.1.3	Ressursar og kompetanse.....	3
1.2	Internkontroll.....	4
1.3.	Vurdering av skatteinntangen.....	5
1.3.1.	Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret 2013.....	5
1.3.2	Kommunen sin del av skatteinntangen i regnskapsåret.....	5
1.4.	Skatteutval.....	5
2.	Skatteregnskapet .....	5
2.1.	Avlegging av skatteregnskapet.....	5
2.2	Margin.....	6
2.2.1	Marginoppjøret for 2011.....	6
2.2.2	Margin for inntektsåret 2013.....	6
3.	Innkrevjing av krav.....	6
3.1.	Restanseutviklinga.....	6
3.1.1	Totale restansar per 31.12.2013 for skatt og arbeidsgivaravgift.....	6
3.1.2	Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar.....	7
3.1.3	Restansar eldre år.....	7
3.1.4	Kommentarar til restansar og oppfylging av restansar for eldre år.....	7
3.2.	Innkrevjinga sin effektivitet.....	8
3.2.1	Vurdering av kontorets resultat per 31.12.2012.....	8
3.2.2	Vurdering av samanhengen mellom aktivitet og resultat.....	8
3.2.3	Omtale av spesielle forhold.....	8
3.2.4	Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga.....	9
3.3.	Særnamnskompetanse.....	9
4.	Arbeidsgjevarkontroll .....	9
4.1	Organisering av arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.2	Planlagde og gjennomførte kontrollar.....	9
4.3	Tal kontroller med resultat, avdekka beløp, eigenretting og avdekking av uregistrerte arbeidstakarar:.....	9
4.4	Vurdering av aktiviteten på området arbeidsgjevarkontrollen i regnskapsåret.....	9
4.5	Samarbeid med andre kontrollaktørar.....	10
4.6	Kontorets eventuelle tiltak for betring av arbeidsgjevarkontrollen.....	10

## 1. Generelt om skatteoppkrevjaren sin verksemd

### 1.1. Skatteoppkrevjarkontoret

#### 1.1.1 Ressursar

##### Ressursfordeling

Oversikt og bruk av ressursar for kommunane Førde, Naustdal og Gaular (normalår)

	Årsverk	%-del fordelt
Tal årsverk ved SKO som berre er nytta til SKO-funksjonen i regnskapsåret	5,15	100 %
<b>Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk</b>	-----	-----
Skatteregnskap	1,8	36%
Innkrevjing av skatt/arbeidsgjevaravgift	2,0	38%
Kontrollverksemd	0,85	16%
Informasjon og veilleiing overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	0,2	4%
Skatteutval	0,0	0%
Administrasjon	0,3	6%
	<b>Sum</b>	<b>100 %</b>

#### 1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren sitt ansvarsområde er regulert i eigen instruks (skatteoppkrevjarinstruks) fastsatt av Skattedirektoratet 8. januar 2009. Skatteoppkrevjaren er ansvarleg for at oppgåvene som fylgjer av instruks utførast på forsvarleg måte og til rett tid. Skatteoppkrevjaren skal arbeide for å oppnå dei måla og krava som vert fastsett i styringsdialogen med overordna fagleg myndigheit. Instruksjonsmyndigheit overfor skatteoppkrevjaren på instruks sitt virkeområde utøvast på regionalt nivå av skattekontoret, og på sentralt nivå av Skattedirektoratet og Finansdepartementet. Skatteoppkrevjaren må rette seg etter pålegg frå overordna fagleg myndigheit så vel generelt som i enkeltsaker. Skatteoppkrevjaren skal ved behov for råd og rettleiing kontakte skattekontoret.

Førde kommune er vertskommune for interkommunalt samarbeid om skatteoppkrevjarfunksjonen i Førde, Naustdal og Gaular, for det som er regulert under arbeidsområdet til skatteoppkrevjaren. Dette stiller strenge krav til rutinar og internkontroll.

Vi er 6 tilsette som arbeider på skatteoppkrevjarkontoret. Inklusiv den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen har vi i 2013 disponert 5,15 stillingsheimlar fordelt på dei tre kommunane. I den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen deltar også Jølster, med 15% stilling, slik at vi då totalt har hatt 5,3 stillingsheimlar på kontoret.

#### 1.1.3 Ressursar og kompetanse

Jf. Skatteoppkrevjarinstruks skal skatteoppkrevjaren sjå til at kontoret til ein kvar tid har tilstrekkeleg ressursar og kompetanse, slik at oppgåvene som omfattar instruks kan utførast på en forsvarleg, hensiktsmessig og rasjonell måte. Dersom ressursane, organiseringa eller

kompetansen ikkje er tilfredsstillande, og skatteoppkrevjaren ikkje sjølv kan rette opp i dette, skal forholde takast opp med den overordna kommunale leiinga. Fører ikkje dette fram, skal saka takast opp med skattekontoret.

Frå 7. mars har vi vore ein person mindre grunna sjukmelding, og at ein person har tatt arbeid på anna eining i kommunen. Dette har tidvis medført stor arbeidsbelastning på medarbeidarane. Det er tilsett ny person i denne stillinga frå 01.01.2014

Vi har faglig dyktige medarbeidarar på alle områder. Dei som arbeider på skatteavdelinga, har lang erfaring innafor de forskjellige områda rekneskap, innkrevjing, avrekning samt arbeidsgjevarkontroll. Vi deltar på relevante kurs og samlingar som er viktig for å halde oss oppdatert i høve regelverk for det arbeidet vi utfører.

## **1.2 Internkontroll**

Jf. Skatteoppkrevjarinstruksen skal skatteoppkrevjaren syte for at kontoret har ein tilfredsstillande intern kontroll. Formålet med den interne kontrollen er at:

- oppgåveløysinga er organisert på ein forsvarleg måte, og utførast i samsvar med gjeldane lover og regler.
- resultata er tilfredsstillande i forhold til fastsette mål og resultatkrav, og at eventuelle vesentlege avvik førebyggjast, avdekkast og korrigerast.
- ressursbruken er effektiv
- rekneskap og informasjon om resultat er påliteleg og nøyaktig
- misleghald og økonomisk kriminalitet førebyggjast og avdekkast.

Skatteoppkrevjaren skal som ein del av intern kontrollen utarbeide verksemdsplan og rutinar for kontoret si verksemd.

Det er utarbeidd nye rutinar både for innfordringsarbeidet og internkontroll. Rutinane for innfordringsarbeidet vert fortløpande endra ved behov, eller når vi ser denne kan forbeistrast. Rutinane for internkontroll vart utarbeidd i desember 2012, og vart implementert i januar 2013. Det er dei seinare åra fokusert meir på internkontroll. Skattekontoret har arrangert eigne kurs med fokus på å utarbeide eigne rutinar og betre kvaliteten på dette arbeidet. Det er viktig å avdekke feil så tidleg som mogleg for å unngå at dette får konsekvensar.

Som vedlegg til verksemdsplana vert det utarbeidd oversikt over arbeidsfordelinga. Denne vert endra ved behov. Slike endringar er ein kontinuerleg prosess, og skal til ein kvar tid vere oppdatert for å tilfredsstill krava. Rutinane beskriv korleis dei daglege oppgåvene skal utførast, og saman med oversikt over oppgåvedeling til kvar enkelt medarbeidar, sikrar denne at oppgåvene vert utført ved avvikling av ferie, samt anna fråvær.

### 1.3. Vurdering av skatteinngangen

#### 1.3.1. Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret 2013

	2013	2012	Endring
Likvider	99 009 380	88 991 412	10 017 968
Skyldig skattekreditorene	-6 760 051	-3 911 979	-2 848 072
Skyldig andre	-88 356	-74 734	-13 622
Innestående margin	-92 160 975	-85 004 701	-7 156 274
Udisponert resultat	2	2	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Arbeidsgiveravgift	-468 350 500	-435 218 615	-33 131 885
Kildeskatt	0	0	0
Personlige skatteyttere	-1 031 189 357	-960 456 746	-70 732 612
Selskapsskatt	-198 293 780	-161 693 540	-36 600 239
Renter	-3 148 501	-1 022 962	-2 125 539
Innfordring	-21 261	22 343	-43 605
<b>Sum</b>	<b>-1 701 003 399</b>	<b>-1 558 369 519</b>	<b>-142 633 879</b>
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	468 350 500	435 218 616	33 131 884
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	276 420 348	256 290 338	20 130 010
Fordelt til Fylkeskommunen	64 771 770	60 734 194	4 037 576
Fordelt til kommunen	302 156 831	279 589 754	22 567 076
Fordelt til Staten	589 193 714	526 536 618	62 657 096
Krav som er ufordelt	0	-1	1
Videresending plassering mellom kommuner	110 236	0	110 236
<b>Sum</b>	<b>1 701 003 399</b>	<b>1 558 369 519</b>	<b>142 633 879</b>
<b>Sum totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Regnskapet viser at skatteoppkrevjaren har kravd inn totalt kr. **1 701 003 399,-** i 2013, mot kr. **1 558 369 519,-** i 2012. Dette gjev ein auka i den totale skatteinnbetalinga på kr. **142 633 879,-**

#### 1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i regnskapsåret:

Kommunen sin del av skatteinngangen for 2013 er som regnskapet viser kr. **302 156 831,-** mot kr. **279 589 754,-** i 2012. Dette gjev ein auke i skatteinntektene til kommunen med kr. **22 567 076,-** i forhold til 2012.

### 1.4. Skatteutval

Det har i 2013 vore ei sak til skatteutvalet, der det er gjort vedtak om avslag.

## 2. Skatteregnskapet

### 2.1. Avlegging av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren i Førde kommune bekreftar at skatteregnskapet i 2013 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

Årsrekneskapen for 2013 fylgjer som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

## 2.2 Margin

### 2.2.1 Marginoppgjøret for 2011

Beskrivelse	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2011, pr. 31.10.2012	14 239 794
For mye avsatt margin for inntektsår 2011	14 239 773
For lite avsatt margin for inntektsår 2011	

#### Kommentar om marginoppgjøret:

Førde kommune hadde kr. **14.239.773,-** i overskot på innestående margin for 2012. Dette blei fordelt til skattekreditorane i oktober 2013.

Prosentavsetning for 2012 var på 10%.

### 2.2.2 Margin for inntektsåret 2013

Marginavsetning for regnskapsåret 2013 er pr. 31.12.2012, kr. **71 391 229,-**

Prosentavsetning for 2013 er som for tidligere år, på 10%

Marginavsetning for Førde kommune er tilstrekkelig til å dekke opp utbetalinger av overskytande i forbindelse med avrekning.

## 3. Innkrevjing av krav

### 3.1. Restanseutviklinga

#### 3.1.1 Totale restansar per 31.12.2013 for skatt og arbeidsgivaravgift

Skatteart	Restanse (forfalte debetkrav) 2013	Herav berostilt restanse 2013	Restanse (forfalte debetkrav) 2012	Herav berostilt restanse 2012	Endring i restanse. Reduksjon (-)	Endring i berostilte krav. Reduksjon (-)
<b>Sum restanse pr. skatteart</b>	26 914 897	1 372 493	31 999 574	2 063 259	-5 084 677	-690 766
Arbeidsgiveravgift inkl. avsavnsrenter	1 428 899	0	802 112	0	626 787	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	2 734 001	69 381	2 975 351	101 593	-241 350	-32 212
Forskuddsskatt	162 675	0	486 401	0	-323 726	0
Forskuddsskatt person	6 842 633	382 313	9 741 591	382 313	-2 898 958	0
Forskuddstrekk inkl. avsavnsrenter	2 483 116	0	868 549	0	1 614 567	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	550 213	22 056	524 340	24 360	25 873	-2 304
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	551 916	0	-551 916	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakesøkningskrav	742 382	0	1 434 327	0	-691 945	0

	Restskatt person inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakesøkningskrav	11 970 978	898 743	14 614 988	1 554 993	-2 644 010	-656 250
<b>Sum restanse diverse krav</b>		3 382	0	3 182	0	200	0
	Diverse krav	3 382	0	3 182	0	200	0
<b>Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav</b>		26 918 279	1 372 493	32 002 756	2 063 259	-5 084 477	-690 766

### 3.1.2 Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Vi har i 2013 ein reduksjon i restansane på kr. **5 084 477,-**

Den største reduksjonen har vi for restskatt og forskotsskatt person som utgjer kr. **5 542 968,-**. Som det går fram av tabellen, er der for nokre skatteartar ein auke i restansar. Forskotstrekk har auka med kr. **1 614 567,-**. Denne auke skuldast krav mot konkursbu.

For krav som er stilt i bero, er der ein reduksjon på kr. **690 766,-**. Det skyldast i hovudsak utgiftsføring av tidlegare berostilte krav som har blitt forelda. Berostilte krav inngår i den totale restanseoversikten.

Avskrivning vert brukt når det ikkje lenger er rettsleg tilgang til å gjere kravet gjeldande. Dette kan oppstå eksempelvis ved insolvent dødsbu, flytande bu, etter avslutta gjeldsordning, lemping etter skattebetalingslova, sletta aksjeselskap og NUF selskap.

For personlege skattyatar er det avskrive kr. **3 157 660,-**

For aksjeselskap eller andre selskap er det avskrive kr. **685 095,-**

Det er ettergitt kr. **60 940,-** i forbindelse med vedtak frå skattekontoret.

Det er utført avskrivning i forbindelse med nedsetjing av pensjonspoeng med kr. **220 197,-**

### 3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debit)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2011	2 017 593	1 052 927
2010	1 368 552	757 172
2009	1 849 853	743 165
2008 – 19XX	13 013 507	-----

### 3.1.4 Kommentarer til restansar og oppfølging av restansar for eldre år.

Restansar eldre år inngår i ordinær innkrevjing, og vert sikra mot forelding.

Ein har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato tom 31.12.2013 og vurdert kva slag krav som skal pantast på nytt. Der er 5 krav på til saman kr. **20 148,-** som er forelda 31.12.2013 og vert søkt utgiftsført i 2014.

### 3.2. Innkrevjinga sin effektivitet

Resultat målt mot krav i styringsdialogen gjeldande innbetaling og innkrevjing pr. 31.12.2012

Kommunennummer:			
Styringsparameter	Resultat pr. 31.12.13	Resultatkrav	Differanse
Innbetalt av sum krav siste år			
c) Restskatt for personlige skattytere Inntektsår 2011	96,0 %	95,4 %	0,6 %
d) Forskuddstrekk Inntektsår 2012	99,9 %	99,9 %	0,0 %
e) Forskuddsskatt for personlige skattytere Inntektsår 2012	99,1 %	98,8 %	0,3 %
f) Forskuddsskatt for <u>upersonlige</u> skattytere Inntektsår 2012	99,9 %	99,5 %	0,4 %
g) Restskatt for <u>upersonlige</u> skattytere Inntektsår 2011	100,0 %	98,5 %	1,5 %
h) Arbeidsgiveravgift Inntektsår 2012	99,8 %	99,9 %	-0,1 %
2.3.1 b) Innfordret Restskatt, person av sum krav til innføring Inntektsår 2011	77,2 %	65,0 %	12,2 %

#### 3.2.1 Vurdering av kontorets resultat per 31.12.2012

I forhold til krava som skattekontoret har stilt til skatteoppkrevjarkontoret, har vi nådd desse krava med god margin med unntak av arbeidsgjevaravgift for 2012, der avviket er på 0,1%. Dette skuldast krav i konkursbu.

#### 3.2.2 Vurdering av samanhengen mellom aktivitet og resultat

Skatteoppkrevjarkontoret nyttar tvangsinnkrevjing i dei tilfella skattane ikkje vert betalt rettidig. Vi har høg fokus på innkrevjing, og dette er med på å gje gode resultat.

#### 3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Innvilga betalingsavtalar har blitt redusert til et minimum. Dette er truleg med på å redusere restansane ein del, då det må søkjast andre løysingar for å betale skatten.

Frå 7. mars i 2013, har vi grunna sjukmelding, og at ein person har gått over til anna eining i kommunen vore underbemanna med ei stilling. Dette har resultert i at det bla. har blitt noko utsetjing av enkelte tiltak i forbindelse med innkrevjing. Vi kan ikkje sjå at dette har innflytelse på restansesituasjonen i nokon grad. Det kan vere tilfelle der det har gått litt lenger tid å setje i gang tiltak for enkeltrestansar, men vi har oppnådd gode resultat i 2013. Frå 01.01.2014 har vi tilsett ein ny person i den ledige stillinga, og vi er no fullt bemanna.

Skatteoppkrevjaren har fått eit pålegg i forbindelse med innkrevjinga i 2013, som er svart på i eige brev.



### **3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga**

Vi nyttar oss av DTI (debitortilpassa innkrevjing). Dette betyr at skattyttarar vert rangert etter bla. tidlegare historikk, og økonomi. Innkrevjinga vert tilpassa den enkelte etter kva slags kategori ein kjem under. Dette har gitt positiv utvikling dei siste åra.

### **3.3. Særnamnskompetanse**

Skatteoppkrevjaren nyttar seg av særnamnskompetansen og det er forsøkt halde 142 utlegg i 2013. Dette har tilført Førde kommune kr. 225 922,- i gebyrinntekter. Tilsvarende vart det forsøkt halde 123 utlegg i 2012

## **4. Arbeidsgjevarkontroll**

### **4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen**

Arbeidsgjevarkontrollen er ein del av et interkommunalt samarbeid mellom Førde, Naustdal, Gaular og Jølster, der Førde kommune er vertskommune. Der er tilsett ein person i 100% stilling. Førde skal inneha 55% av stillinga og dei andre kommunane 15% kvar.

Kontrollaktiviteten i dei enkelte kommunane vert fordelt etter kor mange % kvar kommune betalar for. Aktiviteten i den enkelt kommune kan variere noko for kvart år, men det er et mål at dette skal jamne seg ut på sikt. I tillegg til interkommunal rekneskapskontrollør, har ein tilsett på eininga rekneskap/skatt delteke i kontrollarbeidet og utført to kontrollar i kontrollsamarbeidet i 2013.

### **4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar**

Kravet er at vi skal kontrollere 5% av arbeidsgjevarane, og 5% av leverte LTO.

I Førde kommune er det gjennomført 14 kontrollar i 2013, mot 22 kontrollar i 2012.

Kontrollane for 2013 utgjør 2.2% av arbeidsgjevarane i kommunen. Dette er lågt i forhold til kravet på 5%, men det er tilfredsstillande i forhold til tilgjengelege ressursar. Vi har hatt nokre kontrollar som har vore ekstra tidkrevjande i 2013.

### **4.3 Tal kontrollar med resultat, avdekka beløp, eigenretting og avdekking av uregistrerte arbeidstakarar:**

I Førde kommune er det i 2 kontrollar avdekka inntekt på til saman kr. **3 229 387,-** som ikkje er rapportert. Av dette utgjør eigenretting kr. **2 655 331,-**. For arbeidsgjevaravgift er det avdekka kr. **515 571,-** som ikkje er oppgitt til skattemyndigheitene. Eigenretting gjeld i konkurssaker, der selskapet vel å rapportere i forbindelse med kontroll, eller varsel om kontroll. I dei tilfella det ikkje er snakk om eigenretting, vert der sendt rapport til Skatt Vest med forslag om endring. Skatt Vest har gjort vedtak om endring i eit tilfelle på kr. **468 840,-** i 2013

### **4.4 Vurdering av aktiviteten på området arbeidsgjevarkontrollen i regnskapsåret**

I den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen, er det utført til saman 28 kontrollar i løpet av 2013. 26 av desse kontrollane er utført av interkommunal rekneskapskontrollør. 2 av kontrollane er utført av andre tilsette på rekneskap/skatt. Dette er gode resultat sett i forhold til tilgjengelege ressursar på kontrollområdet. Det er ein nedgang i på 5 kontrollar i forhold til 2012. Dette har først og fremst årsak i at det er kontrollert fleire konkursbu i 2013 enn i 2012. Kontroll i konkursbu kan vere spesielt krevjande, då det til tider kan mangle rekneskap for siste tida før konkurs.

#### **4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører**

Vi har deltatt i «random audit» i 2013, som er et samarbeidsprosjekt mellom skattekontoret og skatteoppkrevjarane. Det er utført 4 slike kontrollar i Førde.

#### **4.6 Kontorets eventuelle tiltak for betring av arbeidsgjevarkontrollen**


Skatteoppkrevjaren har ved gjentatt høve fått pålegg frå Regional kontrollering om å følge opp målkrava til arbeidsgjevarkontrollen. Også i kontrollrapport 2013/148932 har skatteoppkrevjaren fått pålegg om å sørge for tett oppfølging slik at kontrollaktivitet for framtida vert gjennomført i samsvar med målkrava.

For 2013 har vi utnytta dei ressursane vi har hatt til disposisjon på en tilfredsstillande måte. Interkommunal rekneskapskontrollør har utført 26 kontrollar i 2013. 14 kontrollar er utført i Førde kommune.

Skatteoppkrevjaren skal jf. Skatteoppkrevjarinstruksen § 2-1 sjå til at kontoret til ein kvar tid har tilstrekkeleg ressursar. Viss ressursituasjonen er utilfredsstillande, og skatteoppkrevjaren ikkje sjølv kan rette opp i dette, skal forholdet takast opp med den overordna kommunale leiinga. Fører ikkje dette fram, skal saka takast opp med skattekontoret.

Skatteoppkrevjaren har hatt ein open dialog med overordna kommunal leiing om korleis vi skal løyse dette på sikt. Vi har tru på at vi skal greie dette etter kvart innanfor dei ressursane vi har tilgjengelege.

Sted/dato: Førde 21.01.2014

  
\_\_\_\_\_

**Evert Are Havn**

**Vedlegg:** Årsrekneskapen for 2013 Signert av skatteoppkrevjaren.

# Årsregnskap Førde kommune 2013

	Valgt år	Forrige år
Likvider	99 009 380	88 991 412
Skyldig skattekreditorene	-6 760 051	-3 911 979
Skyldig andre	-88 356	-74 734
Innestående margin	-92 160 975	-85 004 701
Udisponert resultat	2	2
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Arbeidsgiveravgift	-468 350 500	-435 218 615
Kildeskatt	0	0
Personlige skatteyttere	-1 031 189 357	-960 456 746
Selskapsskatt	-198 293 780	-161 693 540
Renter	-3 148 501	-1 022 962
Innfordring	-21 261	22 343
<b>Sum</b>	<b>-1 701 003 399</b>	<b>-1 558 369 519</b>
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	468 350 500	435 218 616
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	276 420 348	256 290 338
Fordelt til Fylkeskommunen	64 771 770	60 734 194
Fordelt til kommunen	302 156 831	279 589 754
Fordelt til Staten	589 193 714	526 536 618
Krav som er ufordelt	0	-1
Videresending plassering mellom kommuner	110 236	0
<b>Sum</b>	<b>1 701 003 399</b>	<b>1 558 369 519</b>
<b>Sum totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Sted/dato: Førde 20.01.2014



Evert Are Havn



**Skatteetaten**

Saksbehandlar  
Kjersti Hopland Hollup

Dykkar dato

Vår dato

14.02.2014

Direkte tlf  
800 800 00

Dykkar referanse

Vår referanse

2013/148933

Kommunestyret i Førde kommune  
Postboks 338  
6802 Førde

## Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Førde kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

### 2. Om skatteoppkrevjarkontoret

#### 2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følgje skatteoppkrevjar sine årsrapportar. Sum årsverk gjeld totalt på skatteoppkrevjarkontoret i Førde som omfattar kommunane Gaular, Førde og Naustdal:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
5,15	5,35	5,35

Postadresse  
Njøsavegen 2

6863 Leikanger  
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse  
Sjå [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) eller  
ring gratis 800 80 000

Org. nr.: 991733108

Sentralbord  
800 80 000

Telefaks  
51 91 73 01

### 3. Måloppnåing

#### 3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Førde kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 1 701 003 399 og utestående restansar<sup>2</sup> på kr 26 918 279, av dette krav stilla på vent kr 1 372 493. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2014.

#### 3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Førde kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	25,6	96,0	95,4	96,4	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	451,1	99,8	99,9	100,0	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	66,3	99,1	98,8	98,7	99,3
Forskotsstrekk 2012	959,9	99,9	99,9	100,0	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	121,1	99,9	99,5	99,8	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	34,3	100,0	98,5	98,6	92,7

#### 3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Førde kommune har ansvar for kontrollsamarbeidet som omfattar kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal

Resultat for kommunen per 31. desember 2013 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
643	32	14	2,2	3,3	2,2	4,2

### 4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 22. – 24. oktober 2013.

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

Skattekontoret har i 2013 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

## 5. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekka vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvis uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjing**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**


På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og retningslinjer, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det er utført 2,2 % kontrollar mot et krav på 5 %.


## 6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom kontrollhandlingar i 2013 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 19. november 2013.

Skatt vest gjennomførte møte i Sogn og Fjordane 19. september 2013 med skatteoppkrevjere og rådmenn. Temaet var fremtidig samarbeid om arbeidsgjevarkontrollen. Frå Førde møtte skatteoppkrevjaren og rådmannen.

Venleg helsing

  
Arnljot von Mehren  
avdelingsdirektør  
Skatt vest

  
Jan Kåre Strøm  
underdirektør  
Regional kontrollering

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Førde kommune
- Skatteoppkrevjaren for Førde kommune
- Riksrevisjonen



Førde kommune  
Rådmannen

6/14 SM 07/14  
KRYSS-REVISJONEN  
Ytre Segn og Sunnfjord  
KRYSS-REVISJON  
Dato: 03.02.2014  
Ark.no: 003/2014  
Ark.no: 216  
Avd.kode: 14200  
Til: Rådmannen

Kryss-revisjon  
postboks 487  
6802 FØRDE

Dykkar referanse:  
13.01.2014

Sakshandsamar:  
Ole John Østenstad  
Tlf. 57612701

Vår referanse:  
13/173-4-OJØ-216

Dato:  
31.01.2014

## Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, m.v.

Eg viser til brev datert 13.01.2014 der de ber om skriftleg uttale frå rådmannen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, om prosessar for å identifisere og handtere risiko, om korleis rådmannen kommuniserer i høve tilsette og bystyre vedrørende slike prosessar, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd.

1. Rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sin rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald.

Rådmannen vurderer risikoen for at kommunen sin rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon grunna misleghald som liten. Vi har lagt opp til rutinar for innkjøp og tilvising som skal sikre at slikt ikkje skjer. Dette vert følgt opp med stikkprøvar, og vi meiner vi har gode tilvisingsrutinar. Hovudregelen er at det er to uavhengige som attesterer og tilviser fakturaer. I dei minste einingane er dette vanskeleg å få til – desse vert derfor kontrollert ekstra. Også tilgangskontrollane i økonomisystemet er gjennomgått og forbetra.

I 2014 er det planlagt ein eigen, obligatorisk opplæringspakke for einingsleiarane der dei vil få opplæring i grunnleggande ferdigheter for einingsleiarane. Ein vesentleg del av opplæringa vil bli knytt til økonomi- og personaloppfølging.

2. Kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i Førde kommune – inkludert eventuell betydelig risiko for misleghald som er identifisert eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytt til rekneskapen, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald?

Rutinane for tilvising skal sikre at ikkje same person gjer avtaler, kjøper inn, attesterer og tilviser. I dei minste einingane er det ei utfordring å få til eit fullgodt system der alle fakturaene blir attestert og tilvist av to uavhengige personar. Etter at vi tok i bruk scanning av fakturaer er det lettare for rådmannen eller andre å ta stikkprøver i

Postadresse: Postboks 338, 6802 Førde  
Besøksadresse: Halstadvegen 42

Telefon: 57 72 20 00  
Faks: 57 82 38 76

Bankkonto: 3700 07 00720  
Org.nr.: NO 963923511 nva

[www.forde.kommune.no](http://www.forde.kommune.no)  
E-post: [postmottak@ford.kommune.no](mailto:postmottak@ford.kommune.no)

rekneskapet for å vurdere om faktura er ført rett og at det som er kjøpt er til kommunen sin bruk. Det er sendt melding til einingsleiarane der det vert presisert at tilvising til seg sjølv, slektningar o.l. skal gjerast av næraste overordna. I det justerte administrative delegeringsreglementet er det no teke inn at fullmakt til å inngå kontrakter for einingsleiarar er avgrensa til kontrakter med ein avtalesum under kr 250.000. Rådmannen/kommunalsjef skal orienterast om innkjøp som er større enn 100.000 kr.

Rådmannen vil også trekke fram «fadderordninga» vi har etablert der einingsleiarane får hjelp og støtte av tilsette ved rekneskapseininga m.o.t. budsjettoppfølging. Vi innfører også forsystem som gjer at lønstransaksjonane i større grad vert overført maskinelt frå andre data-system.

Førde kommune er no med på eit prosjekt i regi av KS/Fylkeskommunen der målet er at alle kommunane i framtida skal gå over til ei elektronisk e-handelsløsning. Ei slik løsning vil ytterlegare vere med å formalisere og sikre gode innkjøpsprosessar.

Høg etisk standard skal ligge til grunn for alt arbeid i Førde kommune. Dette inngår som mål i handlingsplanen for 2014-2017. Etikkreglementet vart utarbeidd i 2009 og er implementert i organisasjonen på ein god måte. Einingane skal rapportere om fokuset på etikk i årsrapporten.

Nytt HMS-system vart utarbeidd i 2009. I dette ligg også nye rutinar for varsling om kritikkverdige tilhøve, internrevisjon og avvikshandtering. Kommunal- og regionaldepartementet gav i desember 2009 ut 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane. Førde kommune har i 2013 følgd opp desse tilrådingane og har sett fokus på etablering av risikostyring og eit heilheitleg internkontrollsystem.

Leiargruppa og to av stabsleiarane har i 2012 og 2013 vore deltakarar i eit effektiviseringsnettverk («Rådmannens internkontroll») i regi av Kommunaldepartementet og KS om internkontroll. Som følgje av dette arbeidet er Steffen Ben Jonstad tilsett som controller i nyoppretta stilling. Han er i gang med å implementere nye rutinar for eigenkontroll i Førde kommune, og skal også vurdere eit elektronisk kvalitetssikringssystem.

### **3. Kva evt. kommunikasjon har rådmannen med Førde bystyre vedkommande slike prosessar?**

Bystyret vedtok 17.06.2010 økonomireglement og finansreglement for Førde kommune. Formålet med reglementa er mellom anna å sikre effektiv og forsvarleg økonomi- og finansforvaltning. Finansreglementet skal rullerast i 2014.

I samband med kommunevalet i 2011 vart det gjennomført to dagar med folkevaltopplæring der etikk og økonomiforvaltninga i kommunen. I 2013 vart det halde eit oppfølgingssamling med bystyret der habilitet og etikk var sentrale tema.

Referat frå dei administrative møta der byggeprosjekta til Førde kommune vert gjennomgått, blir sendt Formannskapet.



Også i 2013 har planlegging og bygging av nytt rådhus sett fokus på økonomi og forvaltning av likviditet, fond og låneportefølje. Referat frå møta i styringsgruppa vert sendt Bystyret som referatsak.

Bystyret får også to gongar i året ein økonomisk tertialrapport.

28. februar 2013 handsama Bystyret Førde kommune sitt delegeringsreglement.

**4. Kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med tilsette vedkommande egne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtfærd?**

Opplæringsplanen for Førde kommune fokuserar både på forvaltningspraksis og etiske refleksjonar på ulike nivå i organisasjonen. I introduksjonskurs for tilsette og for leiarar er etikk vektlagt. Einingane skal og rapportere om etisk fokus i årsrapporten. Annankvart år gjennomfører Førde kommune medarbeidarkartlegging der etikk også er ei sentral spørsmålsstilling. Får rådmann kjennskap til ting som kan tyde på misleghald eller forsøk på misleghald vert dette teke opp med den det gjeld.

I 2013 er det gjennomført eit leiarprogram for leiargruppa med assistanse frå KS-konsulentene. I tillegg til opplæringspakken som retta mot einingsleiarane (sjå punkt 1), er det også starta eit leiarprogram for einingsleiarane som skal avsluttast i 2014. Også dette skjer med assistanse frå KS-Konsulentene. I begge desse programma er god forvaltningspraksis og etikk sentrale tema.

**5. Om rådmann har kjennskap til eventuelle faktisk, mistenkte eller påstått misleghald i kommunen.**

Rådmann er ikkje kjent med at det faktisk føreligg misleghald i Førde kommune, men har fått ei bekymringsmelding som er følgt opp internt og mot politiet utan at det er avdekket noko kritikkverdig.

**6. Om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast misleghald som kan knytast til relasjonar til nærstående partar og transaksjonar med desse.**

Rådmannen har ikkje kjennskap til at dette er tilfelle. Men med den komplekse tenesteproduksjonen ein kommune har, kan eg ikkje sjå bort frå at det kan bli nære relasjonar mellom leverandørar og dei i kommunen som står for innkjøp. Reglane om offentleg innkjøp, dei etiske retningslinene i Førde kommune og endringa i det administrative delegeringsreglementet (sjå ovanfor), er alle verktøy for å redusere denne risikoen. Eg kjenner heller ikkje til at dette er eit problem i høve politisk handsaming. Etiske spørsmål knytt til det politiske systemet er fast tema i rådmannen sitt årlege møte med medlemmar frå formannskapet, og har seinast 24. januar 2013 vore tema på siste dagen av folkevaltopplæringa til Bystyret.

7. Kva er identiteten til kommunen sine nærstående partar og kva eventuelle endringar som har vore gjort det siste året
8. Kva slags relasjonar kommunen har til desse nærstående parter, og
9. Korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane

Eg kjenner ikkje til at Førde kommune har leverandørar som har nære relasjonar i administrasjonen eller til politikarane, og der det ligg føre risiko for irregulære forhold. I administrasjonen finns det tilsette i sentrale stillingar som også har slektsskap til personar som også sit sentralt i politiske utval. Vi er kjent med kven dette er, og opplever at dette vert handtert på ein profesjonell måte. Rådmannen godkjenner alle saker som går til politisk handsaming, og er derfor «garantisten» for at koblingane ikkje er for tette. Rådmannen har sjølv ikkje slike tette relasjonar til nokon avpolitikarane.

Når vi no tek sikte på å utvikle eit betre eigenkontroll-system i Førde kommune, tek vi med oss desse problemstillingane inn i det vidare arbeidet.

Med helsing

Ole John Østenstad  
Rådmann

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

## 10/14 ORIENTERING OM FØRDE HELSETUN

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 26.02.2014

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Vedtaks-organ</b>
Kontrollutvalet i Førde	05.03.2014	010/14	Ja

### **Saksvedlegg**

Brev datert 6.2.2014 frå SEKOM-sekretariat til Førde kommune: Val av eining til orientering i kontrollutvalet.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Sak 04/14 Val av eining til orientering i kontrollutvalet, handsama 30.1.2014.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Kontrollutvalet tek orienteringa om Førde helsetun til vitande.

### **Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## **ORIENTERING OM FØRDE HELSETUN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet får orientering om og eventuell omvising ved Førde helsetun.

### **Saksopplysningar:**

I møte i kontrollutvalet 30.01.2014 i sak 04/14 Val av eining til orientering i kontrollutvalet, vart det gjort følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet ynskjer å følgje opp forvaltningsrevisjonsrapport Bemanning og ressursbruk innan pleie og omsorg frå 2009.*

*Kontrollutvalet ynskjer difor å halde neste møte 5. mars 2014 på Førde helsetun, der kontrollutvalet ber om ei orientering om Førde helsetun.*

Det vart sendt brev til Førde kommune 6.2.2014, der vi ba rådmannen førebu orientering om Førde helsetun til møte 5. mars, og at det vert sett av møterom frå kl 8.30 – 11.30 (sjølve møte startar kl 9.00).

SEKOM-sekretariatet kontakta rådmannen 26.2.2014, og det vart avtalt at kontrollutvalet møter på Førde helsetun, og får tildelt møterom for kontrollutvalsmøte 5. mars.

**Sekretariatet sine vurderingar.**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Førde kommune  
v/rådmannen

6800 FØRDE

Førde, 06.02.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.: arva

Jnr.: 5/14

Arkiv: Førde

## Val av eining til orientering i kontrollutvalet

I kontrollutvalssak 04/14 Val av eining til orientering i kontrollutvalet, handsama 30.1.2014, vart det gjort følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet ynskjer å følgje opp forvaltningsrevisjonsrapport, Bemanning og ressursbruk innan pleie og omsorg frå 2009.*

*Kontrollutvalet ynskjer difor å halde neste møte 5. mars 2014 på Førde helsetun, der kontrollutvalet ber om ei orientering om Førde helsetun.*

Kontrollutvalet ber difor om at rådmannen førebu orientering om Førde helsetun til møte 5. mars, og at det vert sett av møterom frå kl 8.30 – 11.30 (sjølve møte startar kl 9.00).

Innkalling vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

For kontrollutvalet



Audhild Ragni Vie Alme

rådgjevar

SEKOM-sekretariat

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 57612786 vø 95139762vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 11/14 ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I FØRDE

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 19.02.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Førde Bystyret	05.03.2014	11/14 -	Nei Ja

### **Saksvedlegg.**

Framlegg til årsmelding 2013 frå kontrollutvalet

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Kommunelova.

Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Førde kommune vert godkjent.

### **Kontrollutvalet si tilråding til bystyret:**

Saksutgreiing

## **ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I FØRDE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet til bystyret.

### **Saksopplysningar:**

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til bystyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av bystyret.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jolster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Førde bystyre

## ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Førde kommune har i 2013 vore sett saman slik:

Medlemer:

Anne Lise Bekjorden (leiar)

Terje Engvik (nestleiar)

Bjarte Urnes

Mariann Njøslen

Per Arne Kloven

Varamedlemer

Monica Alisøy Kjelsnes

Ludvig Birkeland

Harald Sandvik

Kåre Myklebust

Rune Fauske

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2013.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne §-en er det ei eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2013 har kontrollutvalet i Førde hatt fem møte der det er handsama i alt 30 saker.

Kontrollutvalet har i samsvar med Plan for forvaltningsrevisjon tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i» i 2013 frå KRYSS-revisjon.

Kontrollutvalet har gjeve uttale til følgjande investeringsprosjekt i 2013:

- Prosjekt nr. 221/1063 Halbrend skule.

Kontrollutvalet har også kalla inn rådmannen for å orientere om saker. Såleis har rådmannen vore i kontrollutvalet og orientert om følgjande:

- Styringsdokument for eigenkontroll i Førde kommune.

Kontrollutvalet har i 2013 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Kontoradresse</b>	<b>E-post</b>	<b>Telefon</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Org nr.</b>	<b>Bankgiro</b>
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



# **SEKOM-sekretariat**

*Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn*

---

Kontrollutvalet har også vurdert revisor sin ubundenskap.

Kontrollutvalet har utanom kontrollutvalsmøte vore representert med Terje Engvik på Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) sin kontrollutvalskonferanse 5. - 6. juni på Gardermoen.

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama møteplan 2013 for kontrollutvalet, årsmelding 2012 frå kontrollutvalet og årsrekneskapen 2012 for Førde kommune.

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Førde, 5. mars 2014

Anne Lise Bekjorden  
(Leiar)

Terje Engvik  
(Nestleiar)

Per Arne Kloven

Mariann Njøs

---

<b>Postadresse</b>	<b>Kontoradresse</b>	<b>E-post</b>	<b>Telefon</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Org nr.</b>	<b>Bankgiro</b>
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 12/14 KOR TILGJENGELEGE ER KONTROLLUTVALET

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 26.02.2014

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Vedtaks-organ</b>
Kontrollutvalet i Førde	05.03.2014	12/14	Ja

### **Saksvedlegg**

Utskrift frå heimsida til Førde kommune og SEKOM

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Sak 07/14 Eventuelt, handsama i kontrollutvalet 30.1.2014.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Vert lagt fram utan tilråding

### **Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## **KOR TILGJENGELEGE ER KONTROLLUTVALET**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet ynskjer å sette fokus på kor tilgjengeleg kontrollutvalet er.

### **Saksopplysningar:**

I møte i kontrollutvalet 30.01.2014 i sak 07/14 Eventuelt, vart det gjort følgjande vedtak:

*På neste møte i kontrollutvalet vert det teke opp sak om kor tilgjengeleg kontrollutvalet er.*


På Førde kommune si heimeside finn ein under politikk, kontrollutvalet med namn og bilete av dei faste medlema. Der er lenke til SEKOM si heimeside, der ein finn meir utfyllande opplysningar om faste og varamedlem med epostadresse og telefon/mobil. Vidare finn ein der innkallingar og møtebøker til kontrollutvalet. For tida er det ein feil på heimesida til SEKOM, som gjer at ein ikkje får fram kontaktinformasjon til kontrollutvalet, samt innkallingar og møtebøker. Dette har leverandøren har lova og få retta innan kort tid,

Kontrollutvalsleiaren ynskjer at medlemane i kontrollutvalet vurderer om kontrollutvalet er godt nok tilgjengelege eller om det er forslag til forbetringar.

**Sekretariatet sine vurderingar.**



Kart Ledige stillingar For tisetete Lag og organisasjonar Innhald A-Å  
 Framside **Politikk** Tenester Postlister Om Førde Kontakt oss Planar/styringsdokument Sjølvhjelp



Framsida > Politikk > Kontrollutval

## Politikk

Ordføreren si side  
 Politisk organisering  
 Møteplan og saker  
 Bilde av Bystyret  
 Søk etter dokument  
 Søk etter sak  
 Politiske utval  
 Politiske parti  
 Kontrollutval  
 Styrevervregisteret  
 Interkommunalt samarbeid  
 Samarbeidsforum i Sunnfjord  
 Planar og styringsdokument  
 Delegeringsreglement  
 Val  
 Lag og organisasjonar  
 Kunngjeringar

## Nyhende i Førde kommune

- [Sykte/gå til jobben aksjon](#)
- [Dirigentskjend - Førde k..](#)
- [Soesielle miljøtiltak i..](#)
- [Kulturmidlar 2014](#)
- [Brukarundersøking kulturs..](#)
- [Ved til sals](#)
- [Kino: American Hustle](#)
- [Søknad om barnehageplass ..](#)
- [Kino: Som far så sønn](#)
- [Møte i Førde bystyre](#)
- [Prosjektleiar velferdstek..](#)
- [Kino: RoboCop](#)
- [Jostedalbreen Nasjonalpa..](#)
- [Kino: Kraftidioten](#)
- [Kino: Tingeling og Sjarev..](#)

## Kva skjer i Førde

- [Tomasmesse Nativerd](#)
- [Jubileumsrus\(s\)- Russere..](#)
- [Sigrid Moldestad Band](#)
- [UKM Lokalmønstring Førde ..](#)
- [Gudsteneste med dåp](#)
- [Skriftemåls gudsteneste](#)
- [Saga - Riksteatret dukket..](#)
- [Kivpa - "Seglar i Beltestr..](#)
- [Gudsteneste med natvvard](#)
- [Gudsteneste med dåp](#)
- [Crazy in L.O.V.E med Surr..](#)
- [Hayden Powell trio - Jaz..](#)
- [Gudsteneste med natvvard](#)
- [Karius og Baktus](#)
- [Fredagsdansen](#)

## Kontrollutvalet



Runo Fauske (vara), Terje Engvik, Anne Lise Bekjorden, Mariann Njosen, Bjarte Urnes.

Kontrollutvalet for Førde kommune har 5 medlemar i perioden 2011 - 2015:

- Anne Lise Bekjorden (Ap), leiar
- Terje Engvik (Sp), nestleiar
- Bjarte Urnes (KrF)
- Per Arne Kløven (Frp)
- Mariann Njosen (H)

### SEKOM sekretariat

SEKOM sekretariat er sekretariat for kontrollutvalet i kommunane Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn. SEKOM har eigne nettsider der dei legg ut innkallingar, møtebøker med meir frå kontrollutvala [www.sekom.no](http://www.sekom.no)

### Møteprotokollar frå kontrollutvalet:

- [Møteprotokollar 2012](#)
- [Møteinnkallingar 2012](#)
- [Møteprotokoll 06.12.2011](#)
- [Møteprotokoll 19.10.2011 \(pdf 231 Kb\)](#)
- [Møteprotokoll 14.09.2011 \(pdf 660 Kb\)](#)
- [Møteprotokoll 26.08.2011 \(pdf 212 Kb\)](#)
- [Møteprotokoll 15.06.2010 \(pdf 606 Kb\)](#)
- [Møteprotokoll 24.11.2010 \(pdf 264 Kb\)](#)
- [Møteprotokoll 01.12.2010 \(pdf 473 Kb\)](#)
- [Møteprotokoll 19.01.2011 \(pdf 396 Kb\)](#)
- [Møteprotokoll 08.03.2011 \(pdf 234 Kb\)](#)

Publisert av Asgeir Tveit. Sist endra 02.06.2012

[Tilbake](#) [TIPS ein venn](#) [Utskriftsvennleg versjon](#)

Recommend

Førde Kommune, postboks 338, Hafstadv. 42, 6802 Førde. Tlf: 57 72 20 00. Fax: 57 82 38 76 [postmottak@forde.kommune.no](mailto:postmottak@forde.kommune.no)

Denne sida nyttar informasjonskapslar [Trykk her](#) for detaljert informasjon. (Skjul denne meldinga)

## Kontrollutvalet Førde kommune



Kontrollutvalet Førde

På denne sida finn du innkallingar til og protokollar for møte i kontrollutvalet, samt kontaktinformasjon til medlemmer og varamedlemmer i kontrollutvalet i Førde kommune.

### **Kontrollutvalet Førde kommune 2011 - 2015:**

Anne Lise Bekjorden AP (leiar)

Terje Engvik SP (nestleiar)

Bjarte Urnes KrF

Per Arne Kloven FrP

Mariann Njøsén H

### Varamedlemmer:

Monica Alisøy Kjelsnes AP

Ludvig Birkeland SP

Harald Sandvik KrF

Rune Fauske FrP

Kåre Myklebust H

*Sist endra 11.12.2013*

## 13/14 OPPFØLGINGSLISTE 2-2014 FØRDE

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 26.02.2014

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Vedtaks-organ</b>
Kontrollutvalet i Førde	05.03.2014	13/14	Ja

### **Saksvedlegg.**

Oppfølgingsliste 2-2014 Førde.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Oppfølgingsliste 2-2014 Førde vert teken til vitande.

### **Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 2-2014 FØRDE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/ Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 7. februar 2014.

Lista vil bli oppdatert fortløupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Saker frå siste møte vert ståande som info til etter neste møte.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 2-2014 - Førde.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport. Saker frå siste møte vert ståande som info til etter neste møte.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.11.09		10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 12.11.09 s/ brev til administrasjonen. -Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
004/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i» - Tinging.	31.01.13		31.01.13 Vedtak i KU – Tinginga for prosjektet ”Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i” vert godkjent. -Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. -KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga. 31.01.13 Tinging sendt til KRYSS-revisjon.
011/13 Prosjektplan – Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i.»	13.03.13		13.03.13 Vedtak i KU: Prosjektplan – Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i.» vert godkjent.
01/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.	30.1.14		Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.
02/14 Skriv og meldingar	30.1.14		Vedtak: Skriv og meldingar vert teke til vitande.
03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Førde.	30.1.14		Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Førde for 2014 vert godkjent.
04/14 Val av eining til orientering i kontrollutvalet	30.1.14		Vedtak: Kontrollutvalet ynskjer å følgje opp forvaltningsrevisjonsrapport Bemanning og ressursbruk innan pleie og omsorg frå 2009. Kontrollutvalet ynskjer difor å halde neste møte 5. mars 2014 på Førde helsetun, der kontrollutvalet ber om ei orientering om Førde helsetun.
05/14 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit.	30.1.14		Vedtak: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for finansiell revisjon for Førde kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 8.01.2014 til vitande. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for forvaltningsrevisjon for Førde kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 8.01.2014 til vitande. Kontrollutvalet tek operasjonell/utøvande finansiell revisor for Førde kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 13.01.2014 til vitande. Kontrollutvalet tek forvaltningsrevisor for Førde kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 2.01.2014 til vitande.
06/14 Oppfølgingsliste 1-2014 Førde	30.1.14		Vedtak: Oppfølgingsliste 1-2014 Førde vert





## 14/14 EVENTUELT

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 26.02.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet i Førde	05.03.2014	14/14	Ja

### Kontrollutvalet sitt vedtak:

### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.